

Fjågesund Posten

Nr. 1 februar 2016

SKIKARUSELL

For dei aller minste blir det laga ei lita sløyfe, mens dei andre går vanleg runde i ljosløypa. Det er velfritt om de vil ha tidtaking eller ikkje. Karusellen har ingen aldersgrense og alle som er med får premie. Møtestaden er i Evjo der ljosløypa går inntil fylkesvegen. Atterhald om vær, skiføre og temperatur under -15 °C.

Torsdag 11. februar kl. 18.00

Torsdag 18. februar kl. 18.00

Torsdag 25. februar kl. 18.00



Vi minner om kasse med bok, ca. halvvegs i løypa, der du kan skrive navnet ditt. Utdeling av alle premiar skjer på grengehustet 17-mai.

MORO-KVELD!

Fredag 19. februar kl 18.00

for alle på grengehustet.

Armbørst, stigespel, pil og bøge, evnt... Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate.

Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



ÅRSMØTE

**Fjågesund Idrettslag onsdag 24. februar
kl. 18.00 på grengehustet**

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av styre og verv
- Val av ny lovform jmf. NIF
- Medlemskontingent
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

HUGS SKIKARUSELL!

Torsdag 25. februar kl 18.00

ÅRSMØTE

Fjågesund grendehuslag sondag 28. februar kl. 16.00 på grendehuset

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val
- Saker må vere styret i hende seinast ei veke før årsmøtet.

MORO-KVELD!


Fredag 4. mars kl 18.00

for alle på grendehuset.

Ballspel. Det blir sal av heimelaga pizza, brus og kaffe. Det er også mogleg å site i gangen og bare prate.

Vi vil gjerne at du kjem!!!

Arr. Fjågesund IL



SKITUR

Knarren rundt sondag 6. mars

Start frå Knarrbu kl. 11.00

Ta med niste. Vær etterhald.

Arr. Fjågesund IL.



BASAR

Palmesondag 20. mars kl 13.00

på Fjågesund grendehus

- Sal av lynlodd

- Loddsal og trekking av basarbøker.
Hoved gevinst gåvekort 3000,-

- Sal av
kjøtsuppe,
kaffi,
kaker,
pølser,
brus

VELKOMEN!
Arr. Fjågesund IL.



KNARREN RUNDT 2016

IL Tørn og Fjågesund IL inviterer til turrennet Knarren rundt skjærtorsdag 24. mars 2016.

Turrenn 11,5 km klassisk stil i variert heiterreng
Start konkurranseklasse kl.13.00 Full premierung
(så langt lageret rekker og det har aldri gått tomt) Start trimklasse fra kl.09.00 og utover dagen Premierung for trimklasse fåregår ved loddtrekning Påmelding via min idrett innan 22.03 eller fram til kl.12 renndagen (obs. me har ikke betalingsterminal så ta med kontanter).



GUDSTENESTE

Langfredag 25. mars kl. 19.00

i Fjågesund kyrkje.

Ofr. Rachel Trovis arbeid

MERK TIDA!

SOMMARTID!

Hugs å still klokka fram ein time sondag 27. mars.



STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som vi kan pante til inntekt for laget vårt, vil vi gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Vi kører rundt og samlar inn:

Mondag 4. april kl 17.00

BLI GRASROTGIVAR!

**GRASROT
ANDELEN**
NORSK TIPPING

Støtt Fjågesund grendehus utan at det kostar deg noko ekstra.

Hvis du registrerer Fjågesund grendehuslag som din Grasrotmottakar hos Norsk Tipping, vil Norsk Tipping betale 5% av innsatsen din til Fjågesund grendehuslag utan at du tapar noko på dette.



Foto: innviingsdagen 1916

Minner om jubileum for Fjågesund kyrkje laurdag 18. juni.

Sjå også heimesida til Fjågesund på:
fjaagesund.no

Fjågesund IL er på Facebook